Lions-midlar til lokale føremål

10.04.2011

Krumtappar i Lions gler seg over loppemarknaden: Kjell Borge Olsen flankert av Agnar Melkersen og Giovanni Rebaudo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den fyrste loppemarknaden i Lions regi i Uskedalen vart ein suksess med ein netto på 16.000 kroner og president Kjell Borge Olsen vil takka publikum for alle bidrag. Han opplyser at klubben ynskjer å gje tilbake midlar som dei har i aktivitetskassa si til lag og organisasjonar som treng støtte.

- Dei som kom til marknaden la for dagen stor interesse og entusiasme og pengane sat rimeleg laust. Eg kan lova at bidraga kjem godt med. Eg vil og minna om at Lions støttar prosjekt etter beste evne både i inn- og utland, understrekar presidenten.

Det blir loppemarknad også neste år.
Presidenten minnar om at den såkalla og årlege Tulipanaksjonen er den neste store aktivitet.

LC Kvinnherad er 40 år i år og det skal markerast. Ei av oppgåvene framover blir å styrka kontakten utad og gjera Lions i kommunen meir synleg og kjent Det kan også resultera i nye og fortrinnsvis noko yngre medlemer enn idei som er i klubben i dag.

Av Ola Matti Mathisen